

Skriftleg spørsmål om veterinærvakt og dyrevelferd

Til møte i hovudutval for næring 17.11.21

Eg viser til vedlagte brevet VETERINÆRVAKTA I HYLLESTAD, SOLUND OG FJALER forfatta av veterinær Nora Groschke.

Hyllestad og Fjaler Bonde og Småbrukarlag ser også særsl alvorleg på situasjonen og konsekvensane dette kan få for veterinærarane, landbruksnæringa og dyrevelferden.

Konsekvensane av manglande tilskot vil bli ei 2 delt vaktordning med tre kommunar utan veterinær om kveld/natt kvar tredje kveld, samt kvar tredje helg, noko som vil føre til fatale konsekvensar for dyrevelferden. I situasjonar som mjølkefeber og kalvingsvanskar vil det ende med avliving av dyr som kunne våre redda. Nødslaktordninga i desse tilfelle krev attest frå veterinær, så bøndene må stå for avliving og levere til destruksjon dyr som kunne vore redda.

I media ser vi at fleire kommunar slit med å få til ei tilfredstillande veterinærvaktordning, til dømes i tidlegare Naustdal kommune og i Gloppen. Det kan vere fleire i andre delar av fylket. Den Norske Veterinærforeining tilrår minimum 3, og helst 4 delt vaktordning.

Stortinget løyver pengar i tilskot til veterinærvakt utanom ordinær arbeidstid og Landbruksdirektoratet fordeler vakttilskotet til kommunane ut frå fastsett vaktinndeling. Stortinget har løyvd 32,4 millionar kroner i stimuleringstilskot til veterinærdekning for 2021 der Vestland fylke er tildelt kr 5 992 000 kroner. Statsforvaltaren i Vestland gjer vedtak om tildeling av midlane etter handsaming av søknader frå kommunar eller vakt-distrikt i tråd med føringar frå Landbruksdirektoratet. Føremålet med stimuleringstilskotet er å medverke til å sikre tilfredsstillande tilgang på tenester frå dyrehelsepersonell i næringssvake område.

Det er klart at fleire kommunar i fylket står i fare for å ikkje ha tilfredsstillande tilgang på veterinærtjenester.

Regionreforma skulle gje fylkeskommunen meir ansvar for landbruk. Veterinærvakta er kanskje ikkje eit område fylkeskommunen kan direkte påverke, t.d. med fylkeskommunal tilskot, men kan fylkeskommunen gje ei uttale, leggje press på kommunane eller gjere noko for å leggje til rette for ei betre utvikling av landbruksnæringa i Vestland, også når det gjeld veterinærvakta og dyrevelferd?

Spørsmål:

Bør ikkje fylkeskommunen ha ei koordineringsansvar for kommunane for å sikre lik og tilstrekkeleg veterinærtjenester og dyrevelferd i heile fylket?

Korleis kan Vestland fylkeskommune hjelpe alle kommunane i fylket til å tilby ei tilfredsstillande veterinærvakt med minimum 3 delt vaktordning og god dyrevelferd?

Mark Taylor